

# 193<sup>t</sup> Starereiret.

Ei morosam skulesoge  
frå Haramsøy.

Ja det hender so mangt på skulen,  
det skal vera visst. So langt attende  
som eg kan hugsa, hev det kvart år  
vore starereir i ventilen på skulen vår.  
So var det ein dag frampå våren. Det  
var godt ver og alle borna var tid-  
leg ute. Medan me venta på læraren,  
fann me på å stabla upp nokre ben-  
ker, den eine ovanpå den andre, so me  
kunde få kika upp i reiret. So kleiv  
me upp etter tur medan to av oss  
stod og heldt i benkene. Me var so  
upptekne av vårt, at me ansa ikkje at  
læraren var komen inn i gangen. Me  
vart difor forfærde då han let upp  
døra og kom inn. Dei to som skulde  
stydja benkene slepte taket med den  
fylgje at gjenta som stod uppå stabe-  
len ramla igolvet med benkene over  
og omkring seg. Det vart sjølv sagt  
eit øyredøyvande brak. Me stod ei  
stund handfalne og visste ikkje kva  
me skulde gjera. Men då byrja ein av  
gutane å læ. Lætten smitta oss andre  
med, og straks etter lo me alle. Læra-  
ren som var i godlag etter den gode  
spaserturen i det fine veret, fylgde  
vårt «eksempel» og sa: «Ha-ha-ha».

Solveig Ullahamar,  
14 år, Ulla skule, Haramsøy.